

# Barnehagar med utviklings-iver

Det siste åra har barnehagenettverket i Sjustjerna og Høgskulen i Volda samarbeidd kring utviklingsprosjektet «Vi kan saman». I går vart prosjektet avslutta med ei storsamling for alle dei barnehagetilsette i regionen på Herøy kulturhus.

Utviklingsarbeidet «Vi kan saman - kompetanseheving for vaksne til beste for barn» vart påbyrja i fjor haust, med kompetansemidlar frå fylkesmannen. Barnehagenettverket i Sjustjerna har samarbeidd tett med fagmiljøet på Høgskulen i Volda, som har stått for den faglege rettleiinga, fortel barnehageleiar Laila Solhaug, som er Sjustjerna sin prosjektkoordinator i Herøy.

– Barnehagane kunne velje mellom emna IKT og medverknad, Lærerik leik, Språk og språkutvikling samt Mat og rørsle, og no vert resultat vist fram, seier ho.

Den store flokken av barnehagetilsette vart delte i to, der eine gruppa var samla til inspirasjonsforedrag med Karin Feevåg Larsen frå Ny Giv, medan andre gruppa nytta høvet



\* Nina Vedeld Telseth bidrog med song under opninga av fellesamlinga i Fosnavåg i går.



\* Karin Feevåg Larsen var henta inn for å bidra med litt ekstra inspirasjon, og det gjorde ho med foredraget «Endelig mandag».



\* Barnehageleiar Laila Solhaug er imponert over det barnehagane i regionen har fått til i prosjektperioden.



\* Grønmyr barnehage Myklebust har jobba med emnet Mat og rørsle, og på standen sin kunne dei mellom anna dele ut smaksprøver på heimelaga prim. Frå venstre: Kirsten Reite, Ragnhild Leine, Ann Kristin Bøe Myklebust og Nina Sundnes Warholm.



\* Standen til Huldal barnehage vekte mykje interesse.



\* Deltakarane varmar opp til ein lang dag, med litt bøy og tøy.

til å vandre rundt på «messa» i Herøyhallen, der kvar barnehage presenterte sine resultat frå kvar sin stand.

### Har fått smaken på utviklingsarbeid

– Tilbakemeldingane tyder på at prosjektet har vore både svært lærerikt og inspirerende. Det kan verke som om barnehagane verkeleg har fått sma-

ken på utviklingsarbeid, og gjerne vil halde fram etter at prosjektet er over, seier Laila Solhaug, som sjølv var svært imponert over det barnehagane hadde å vise fram på messa.

\* Lisbet Sæter, koordinator for barnehageløftet ved Høgskulen i Volda, gav ei positiv oppsummering av prosjektet.

